



Morten Irgens Landmark

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2671 - 18/26101

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
14.12.2018

Innbyggjarforslag - "Skule må prioriterast før kyrkje"

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Morten Irgens Landmark

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 053	18/2671

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
81/2018	Kommunestyret	PS	12.12.2018

Innbyggjarforslag - "Skule må prioriterast før kyrkje"

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen mottok per 19.11.18 e-post frå frå Morten Landmark, som står bak eit innbyggjarforslag etter kommunelova § 39a. Forslaget har tittelen «Skule må prioriterast før kyrkje». Underskriftene er samla inn via nettsida minsak.no, som ligg under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Per 03.12.18 var det på minsak.no registrert 277 underskrifter på den aktuelle saka, men initiativtakar opplyser at dei har 400 underskrifter til.

Etter kommunelova § 39a har kommunen sine innbyggjarar rett til, på visse vilkår, å krevje at eit konkret forslag blir behandla av kommunestyret sjølv. Kommunestyret har plikt til å ta stilling til forslaget, så framtil vilkåra i lova elles er oppfylde. Dei som står bak eit forslag har ikkje krav på noko bestemt utfall av saka. Eit forslag må støttast av minst 2% av innbyggjarane, eller minimum 300 personar. Desse må vere busette i kommunen, men det er ikkje noko krav at dei har røysterett. Departementet understreker i rettleiinga si at det er opp til kommunen å ta stilling kor streng vurdering som skal leggjast til grunn i høve talet på underskrifter og busetjingskravet.

Det er eit ønske frå initiativtakar at forslaget vert handsama i samband med budsjett 2019.

Vurdering

Forslagsretten etter kommunelova 39a er ein viktig demokratisk rett. I eit lokaldemokratisk perspektiv er det viktig av innbyggjarane vert tekne med i avgjerdsprosessar.

I den aktuelle saka legg administrasjonen til grunn at kommunelova sine krav til eit innbyggjarforslag er oppfylte, og at kommunestyret kan fatte eit vedtaka i saka. I formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022 er både bygging av ny ungdomsskule på Frekhaug og ny kyrkje tatt ut av planen. Begge utbyggingstiltaka kan takast opp til ny vurdering når det skal lagast økonomiplan for Alver kommune. Administrasjonen vil såleis tilrå at kommunestyret tar innbyggjarforslaget til vitande.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Økonomiske konsekvensar vil bli utgreidd i aktuell økonomiplan.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar innbyggjarforslaget «Skule må prioriterast før kyrkje» til vitande.

Kommunestyret - 81/2018

KS - behandling:

KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret tar innbyggjarforslaget «Skule må prioriterast før kyrkje» til vitande.